

## **Årsmelding for Masfjordnes pensjonistlag 2022**

2022 har vore eit godt år, der det meste av coronatiltaka er skrinlagt. Vi har kome i gang att med samlingar etter nedstenginga. Det er godt å treffa kvarandre og ha gleda av sosialt samvær med både kultur, god mat og god prat.

### **Seniortreffa**

Seniortreffa var først gjennomført av frivillige i samarbeid med heimetenesta, og seinare også i samarbeid med kafeen. Bjørg Nordland har hatt ansvaret for seniortreffa gjennom mange år, og vi er svært takksame for den gode jobben ho har gjort. Det har i stor grad vore dei same som har gått både på seniortreffa og på møta i pensjonistlaget.

Etter eit møte i starten av året der Frank, Berit og Terje, Kjellaug og Lovisa møtte, vart opplegg og ansvar vart drøfta. Vi bestemte oss for å samla kreftene slik at at pensjonistlaget er med og arrangerer seniorsamlingane. Dette har vore kjekt, og vi har hatt gleda av at det har kome nye seniorar til. Det har vore ei samling i månaden på kafeen med godt oppmøte, mange interessante fordragshaldarar og god middag. Seniortreffa er opne for alle, både medlemmer og andre interesserte.

Ved årsskifte la Berit ned si kafedrift på Sandnes og Fjordtun kafe blir historie. Vi er svært takksame for alle gode og glade stunder vi har hatt hjå Berit og Terje i denne perioden. Og seniortreffa vil halda fram.

### **Saker som har vore sendt over frå kommunen til handsaming i laget:**

1. Nytt medlem til eldrerådet . Vi nominerte Helga Hodne, som vart vald. Ho ynskjer gjerne innspel frå oss på saker som kan vera viktige å ta opp i eldrerådet.
2. Digitalt utanforskap i eldregruppa- kva kan kommunen gjera? Saman med dei andre pensjonistlaga har vi gitt innspel til tiltak. Det er no i gang temsamlingar om bruk av mobil og nettbrett/PC. Vi har hatt to samlingar på Sandnes hausten 2022, og tilbodet held fram i 2023.
3. TV-aksjonen 23. oktober. I år gjekk pengane som vart innsamla til «Leger utan grenser». Det var pensjonistlaga i kommunen som fekk oppgåva med bøssebæring til innsamlinga. Vi på sørsida greidde fint å gjennomføra dette ved eigne medlemmer og gode hjelparar.

### **Politisk møte mellom leiarane i pensjonistlaga og dei politiske partia i kommunen vår.**

Ivar Haukeland tok initiativ til eit møte mellom leiarane frå pensjonistlaga og representantar for dei politiske partia i kommunen 18.10.2022. Ivar hadde laga ei sakliste med utfordringar og behov som eldre innbyggjarar i kommunen hadde tatt opp, og politikarane vart utfordra til å sei noko om kva dei ville prioritera i sine program til kommande kommuneval. Det var eit positivt og interessant møte. Frå vår side tok vi opp behovet for eigna og oppvarma lokale til møte og aktivitetar for seniorgruppa. Dette var også eit viktig tema for Indre Masfjorden pensjonistlag.

## **Vårfest for pensjonistlaga i kommunen 26.april.**

Vi var vertskap, og festen vart avvikla på Fjon grendahus med om lag 65 deltagarar. Dette arrangementet er eit stort løft for laget både praktisk og økonomisk. Men veret var så absolutt på vår side, vi hadde ein god og positiv festlyd og vi må sei oss godt nøgd med dagen. Vår sekretær Bjørg skreiv eit flott referat frå dagen som er vedlegg til årsmeldinga.

## **Eldredagen 2022 vart feira på Nordbygda samfunnshus fredag 30.09.**

Festleiar var Ivar Haukeland, festtalar var Gunn Åmdal Mongstad frå Solund. Ho talte godt og song vakkert. Vi fekk også fine innslag frå kulturskulen og jammen hadde dei likt musikken vi hadde på vårfesten så godt at gruppa «I G-DUR» var invitert til å spela på denne dagen og. Eit kjekt gjenhøyr! Men størst stas var det då våre medlemmer Magne Andvik og Knut Nordland fekk tildelt eldreprisen i kommunen vår dette året! Vel fortent!

## **Herremiddag**

Vi har sakna fleire menn i pensjonistlaget og på seniortreffa. Dette snakka vi om, og ideen om å arranger ein herremiddag kom opp. Sandneskafeen inviterte, og middagen vart realisert på andre forsøk. 11 menn i sin beste alder hadde ein flott kveld på kafeen, med god mat , underhaldning med gamle videoar frå Masfjordrevyen og verbale og musikalske innslag frå Signe Marit og Terje. Ein fin kveld for dei som deltok.

## **Lutefisktur til Kilstaumen gjestgjeveri**

8. desember drog 14 personar frå Sandnes til Kilstaumen. Vi stoppa på Vidsyn i Sløvågen, der Ragnhild Undertun orienterte om utviklinga i Sløvågområdet, og arbeidet sitt med næringsutvikling i Masfjorden og Gulen. Vel framme i Kilstaumen åt vi middag, lutefisk eller juletallerken m dessert og kaffi. Ein førjulstradisjon i pensjonistlaget, og også i år var det ein hyggeleg tur.

## **Året som gjekk**

På årsmøtet i 2022 møtte det berre 8 medlemmer, så styret dette året har hatt berre tre medlemmer. Det er gledeleg at nokre nye medlemmer har meldt seg inn i pensjonistlaget.

Masfjordnes 08.03.2023

Styret i Masfjordnes pensjonistlag

Lovisa Midtbø

Kjellaug Bolset Strand

Solfrid Haugsvær